

Lindås kommune  
Avd. for Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Deres ref.:

Vår ref.: Pål-Jøran Carlsen

Dato: 01.08.2016

## **SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT**

### **Tiltak på eigedom med gnr.137/bnr.311, Stølsmarka 13, Lindås kommune.**

På vegne av tiltakshavarar, Inglaug og Per Morken, vil vi med dette søke om tiltak på eigedom med gnr.137/bnr.311, Stølsmarka 13 i Lindås kommune.

Tiltaket gjeld tilbygg/utviding av eksisterande inngangsparti, med storleik på ca. 5,5m<sup>2</sup> BRA. Utvidinga er planlagt i samband med eksisterande trapp/tilkomst til bustaden, og medfører endring av fasade. Tilbygget er synleg frå tre sider; mot nord-aust (felles tilkomstveg), sør-aust og nord-vest. Ved utforminga er det lagt vekt på at møne på tilbygget skal vere lågare enn møne på eksisterande hus. Sjølve tiltaket er avgrensa i areal og er vurdert å ha liten/ingen verknad på utnyttinga av tomta, som har eit areal på 1247,3m<sup>2</sup>. Tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med avstand til vegmidte i kommunal veg (over 15m).

Det er ikkje lagt ved situasjonsplan utover basiskart i målestokk 1:1000. Det er heller ikkje utarbeidd eigne profildeikningar som syner terrengtilhøva før -og etter tiltak, då tilhøva på tomta allereie er gitt ut ifrå eksisterande situasjon. Tiltaket vert løyst i samband med noverande trapp, som også skal nyttast som tilkomst til det nye inngangspartiet.

Det vert søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett, og tiltaket er planlagt oppført av tiltakshavar. Tilbygget er avgrensa i storleik, og omfattar ikkje våtrom eller andre vesentlege tekniske installasjonar. Tiltakshavar er pensjonist, men har tidlegare hatt virke som bygningsarbeidar. Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen har bistått tiltakshavar med teikningar, nabovarsel og utfylling av sjølve søknadspapira. Det er difor fint om kommunen sender evt. spørsmål/kommentarar vedr. søknaden til arkitektkontoret, samt kopi av vedtak når dette ligg føre.

Nabovarsel vart sendt rekommandert pr. post iht. naboliste. Det er ikkje motteke merknader eller spørsmål til tiltaket ved varsling.

Vennlig helsing

På vegne av tiltakshavarar

**Arkitektkontoret  
Børtveit & Carlsen AS**  
Pål-Jøran Carlsen  
Sivilarkitekt MNAL

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS  
Hagellia 6 – 5914 Isdalstø  
E-post: [paal.arkbc@gmail.com](mailto:paal.arkbc@gmail.com)  
Tlf: 400 41 614